



# FRIVILLIG- INFORMASJON

I dette heftet finn du informasjon om:

<b>RETNINGSLINJER</b>	<b>FRAMMØTE</b>	<b>FRIVILLIGTELLET</b>
<b>KONTAKTINFO</b>	<b>FRIVILLIGMAT</b>	<b>OPNINGSTIDER</b>
<b>FRIVILLIG-GODAR</b>	<b>ARMBAND</b>	<b>ARBEIDSANTREKK</b>
<b>ID-KORT</b>	<b>PARKERING</b>	<b>TOALET</b>
<b>GARDEROBE</b>	<b>ROCKESTÆSJ/MERCH</b>	<b>TRYGGLEIK</b>
<b>FØRSTEHJELP</b>	<b>HØYRSELSVERN</b>	<b>AVFALL</b>
<b>CAMP/OVERNATTING</b>	<b>GENERELL INFO</b>	<b>SPELETIDER</b>



[www.malakoff.no/frivillig](http://www.malakoff.no/frivillig)  
[www.facebook.com/frivilligmalakoff](https://www.facebook.com/frivilligmalakoff)  
[www.instagram.com/frivilligmalakoff](https://www.instagram.com/frivilligmalakoff)



# Kjære frivillig: Vel møtt til Malakoff 2024!

## Generelle retningslinjer for frivillige:


Som frivillige er vi ein del av sjølv hjartet i Malakoff. Saman lagar vi gode opplevingar, relasjonar og minne for alle som er involverte, både medfrivillige, samarbeidspartar, artistar og publikum. Vi tek godt vare på oss sjølv, kvarandre og arenaen.

- Vi er **blide, høflege, respektfulle** og **imøtekomande** mot alle
- Vi er alltid **edru og rusfri** på jobb for Malakoff
- Vi blir **registrerte** før vi byrjar på vakt
- Vi gjer **oppgåvene** vi blir sette til og følgjer **instruksane** vi får
- Vi går med **ID-kort og vaktvest** når vi er på vakt
- Vi **svarer** på spørsmål når vi kan, eller viser til infokanalar som [www.malakoff.no](http://www.malakoff.no)
- Vi ber om **hjelp** viss noko er vanskeleg, og vi **hjelper** kvarandre
- Vi avtaler med næraste overordna eller kollega når vi tar **pause** og mat/drikke i frivilligteltet. Vi blir ikkje sitjande for lenge, festivalen treng oss.
- Vi har eit felles ansvar for at det er **reint, ryddig og triveleg** på Malakoff. Ser vi avfall på bakken, plukkar vi det opp og kastar det på rett stad. Avfallspunkt er lett tilgjengelege ved inngangsparti, toalett og elles på stasjonane.
- Vi veit at **Røde Kors** er stasjonert i Valhall
- Vi startar sløkking og melder frå til overordna viss det oppstår **brann**
- Vi melder eventuelle **avvik** eller **uønska åtferd** til næraste overordna
- Vi **seier frå** til vår kontaktperson når vi går av vakt, og **leverer frå oss** kort og vest/forkle
- Vi oppheld oss ikkje i frivilligområdet og brukar festivalinngangen **når vi ikkje har vakt**
- Vi får **faktura** på billetten viss vi har henta ut billettarmband og ikkje møter på vakt

## Hjarteleg TAKK for at DU er Malakoff-frivillig!

#hartetifestivalen  
#denbestefestivalopplevinga

# Frammøte:

 **Tidspunkt:** Møt i god tid, ca 15 min før avtalt vakttid. Slik kan vi kome i gang med informasjon og opplæring til rett tid, og alle skal også registrerast, få ID-kort og vaktvest/forkle.

**Frammøtestad:** FRIVILLIGTELLET - eige telt merka FRIVILLIG/AKKREDITERING, rett ved sidan av hovudinngangen til festivalområdet. Gul ring rundt i kartet under. Miljøvakter, campvakter og bar- og mat/kiosk-personell møter før vaktstart i sitt baseområdet i teltet. Nokre frivilliggrupper skal møte direkte på stasjonen, desse får beskjed om det anten direkte eller via laget sitt.



## I frivilligteltet finn du:

- **Skranke:** Her blir du møtt av ein hyggeleg gjeng, som kan svare på det meste.
- **Frivilligmat:** Frivillige som er på vakt, har tilgang på pauserom med mat og drikke, i serveringsdelen av frivilligteltet. Tidspunkt er avhengig av rulling innfor di oppgåve. Hugs å rydde opp etter deg når du er ferdig med pausen.
- **Baseområde:** I teltet er det også baseområde for frivillig-gruppene **miljøvakt, bar + mat/kiosk** og **camp**. På baseområdet ditt blir du registrert, får utdelt ID-kort, vaktvest og/eller forkle. Der blir du også henta for gjennomgang av rutinar og oppstart vakt. Du kan også bruke baseområdet som garderobe medan du er på vakt.

**Opningstider skranken i frivilligteltet:** Kl. 10.00-01.30 fredag og laurdag

**Om du vil inn på konsertområdet før du skal på vakt,** hentar du billettarmband i skranken i frivilligteltet, slik at du får tilgang til festivalområdet. Bruk publikumsinngangen når du ikkje har vakt. Personalinngangen skal berre brukast når du er på vakt og dermed går i vaktvest m/ID-kort.

**Opningstider festivalområdet:** Fredag kl. 15.00-01.00 | Laurdag kl. 14.00-01.00

## → Informasjon og kontakt

[www.malakoff.no/frivillig](http://www.malakoff.no/frivillig)

[www.facebook.com/frivilligmalakoff](https://www.facebook.com/frivilligmalakoff)

[www.instagram.com/frivilligmalakoff](https://www.instagram.com/frivilligmalakoff)

Du får tekstmelding frå oss før festivalen, med vakttid(ene) som gjeld di(ne) vakt(er). Er du registrert med fleire vakter, vil du få fleire meldingar. Hugs å lese og sjekke alle. Vi er avhengig av at alle frivillige stiller på vakt. Viss du likevel ikkje kan møte som avtalt, er det svært viktig at du gir beskjed omgåande!

**Kontakt oss gjerne** om du har spørsmål eller innspel!

Tekstmelding til 468 777 63

E-post [frivillig@malakoff.no](mailto:frivillig@malakoff.no)

Facebook-melding til [www.facebook.com/frivilligmalakoff](https://www.facebook.com/frivilligmalakoff)

Under festivalen kontaktar du din næraste arbeidsleiar, eller skranken i frivilligteltet

## Frivillig-godar:

- **Handlenett** som kan hentast i frivilligteltet dei to festivaldagane
- **25 prosent rabatt på Malakoff-merch**  
Før festivalen kan du kjøpe merch på [Chatlet, Alti](#) måndag-fredag kl 10-19, laurdag kl 10-17. Under festivalen kan du kjøpe merch i rockestæsj på festivalområdet.
- **Mat og drikke** når du er på vakt
- **Hyggelege arbeidskollegaer, god musikk og eit fantastisk festivalminne!**
- **Gratis tilgang til konsertområdet:**

### Barpersonell:

18 års aldersgrense

- *Har du vakt fredag eller laurdag kl. 17.30-01.00 får du gratis tilgang til konsertområdet den andre dagen, pluss før vakta.*
- *Har du tidlegvaktene begge dagar, får du tilgang til konsertområdet utanom vakttidene.*  
Vakttider: Fredag kl. 17.30-01.00. Laurdag kl. 17.30-01.00.  
Fredag kl. 14.30-18.15 OG laurdag kl 13.30-18.15

### Miljøvakt:

18 års aldersgrense

- *Har du ei vakt får du gratis tilgang til konsertområdet utanom vaktida den dagen*
- *Har du to vakter ein dag får du tilgang til konsertområdet den andre dagen*  
Vakttider fredag: Skift1 kl. 14.15-20.30 Skift2 kl. 19.30-0130  
Vakttider laurdag: Skift1 kl. 13.15-20.30 Skift2 kl. 19.30-0130

### Mat/kiosk:

- *Har du ei vakt får du gratis tilgang til konsertområdet den andre dagen*  
Vakttider: Fredag kl. 18.30-01.30. Laurdag kl. 18.30-01.30.  
Pluss nokre få tidlegvakter som ungdom og lag er frivillige på.

Andre frivilligrupper har egne reglar, basert på vaktlengde og type oppgåve.

Gratistilgangen er personleg og kan ikkje gjevast til andre enn den frivillige.

Frivillige som gjer festivaldugna for lag/org får lagsbetaling, ikkje gratis festivaltilgang.



## Armband:

Alle som er på festivalområdet skal ha armband. Også frivillige. Som frivillig får du armband for den aktuelle vakt dagen når du møter til vaktregistrering. Har du vakt to dager, får du nytt dagsband kvar dag. Viss du skal slå saman dagsbilletter til pass, og dagsbilletter og camptilgang til pass+camp, ordnar du det i skranken i frivilligteltet.

Er du frivillig for eit lag som får betalt for dugnadsjobben, får du eige frivilligband som skal brukast berre når du er på vakt. Ein får ikkje både lagsbetaling og gratis festivaltilgang.

Om du vil inn på festivalområdet som publikummar før du skal på vakt, melder du deg i skranken i frivilligteltet for å få armband. Bruk festivalinngangen når du ikkje har vakt, personalinngangen skal brukast berre når du er på vakt.



## Arbeidsantrekk:

Kle deg etter vêr og arbeidsoppgåve! Alle frivillige får utdelt vest (og forkle i mat/kiosk) når du kjem på vaktregistrering. Vest og forkle skal leverast inn når du går av (kvar) vakt.



## ID-kort:

Alle frivillige får utdelt ID-kort som skal brukast når ein er på vakt, og leverast inn etter (kvar) vakt.



## Parkering:

Har du anledning til å **sykle eller gå** til festivalområdet, er det supert! Sykkelstativ finn du ved hovudinngangen. Køyrende bør parkere i nordre del av sentrum; ved Eid idrettshus og på offentlege parkeringsplassar i dette området. Her er det godt med plass og berre få minutt å gå til festivalområdet. Det er avgrensa med parkeringsplassar i nærleiken av Malakoff. Med bakgrunn i tryggleik, håper vi du vil respektere dette.



**Toalett** for frivillige: Toalettvogn påkoplta vatn finn du lengst til høgre på frivilligområdet mot Osvegen. Frivillige kan sjølvsagt også bruke toaletta elles.



## Garderobe:

Som frivillig miljøvakt, campvakt, barpersonell og mat-/kioskpersonell kan du bruke basestasjonen for ditt område i frivilligteltet som garderobe medan du er på vakt.



## Rockestæs/merch:

Alle frivillige får handlenett, samt 25 prosent rabatt på all Malakoff-merch. Handlenettet hentar du i frivilligteltet dei to festivaldagane.

Merch kan du før festivalen kjøpe på [Chatlet Alti](#) måndag-fredag kl 10-19, laurdag kl 10-17. Under festivalen kan du kjøpe merch i rockestæs på festivalområdet.



## Tryggleik:

Malakoff ønskjer at alle skal ha trygge og gode opplevingar på festivalen, om dei er gjestar, aktørar eller frivillige. Vi har ein vaktstyrke med frivilligvakter, innleigd vaktsselskap Protect og politi. Desse har eit spesielt fokus på tryggleik, men det er vårt felles ansvar at alle har det trygt og godt. Kontakt din næraste leiar, eller uniformert vakt om du opplever eller ser noko som er farleg eller på annan måte uhaldbart.

## Førstehjelp:

Eid Røde Kors Hjelpkorps er til stades på festivalen. Dei held til i og ved Valhall, i enden av grassletta utanfor inngangen til festivalområdet og festivalcampen. Treng du hjelp? Gå dit eller ta kontakt med ein av festivalvaktene, miljøvakt eller vokter frå Protect.

## Ta vare på hørselen din:

Øyrepopper er tilgjengelege for deg som er på vakt. Publikum kan få øyrepopper på standen til vår generalsponsor Sparebanken Sogn og Fjordane. Publikum kan kjøpe hørselsvern til barn i rockestæsjellet midt på festivalområdet. Hørselshemmedes Landsforbund har også stand ved inngangen der dei deler ut gratis øyrepopper til publikum.

## Avfall, miljø:

Vi har eit felles ansvar for at det er reint, ryddig og triveleg på Malakoff. Ser du avfall på bakken, plukk det opp og kast det på rett stad. Avfallspunkt er lett tilgjengelege ved inngangsparti, toalett og elles på stasjonane. Ser du fulle sekkar, byt dei ut og kast dei i riktig kontainar ved «telebygget». Nytt av året er innføring av miljøgebyr på plastglas. Det inneber at første gongen publikum kjøper drikke, betaler dei 20 kroner i gebyr. Når dei kjøper ny drikke og har med seg glaset i baren eller kiosken, får dei nytt glas utan å betale nytt gebyr. Vi håpar det vil bidra til enda ryddigare festivalområdet og at meir av plasten går til gjenvinning.

## Camp og overnatting:

- Sjekk informasjon om og kjøp billett til overnatting her: [malakoff.no/overnatting](http://malakoff.no/overnatting)
- Frivillige kan kjøpe tilgang til festivalcampen med eller utan teltplass, bubilplass, kartent eller lavvo på [www.malakoff.no](http://www.malakoff.no).
- Camptilgang krev festivalpass (fredag+laurdag). Dagsbillett for dag du eventuelt manglar, kan kjøpast på [www.malakoff.no](http://www.malakoff.no).
- Om du skal slå saman gratis frivilligtilgang med kjøpt billett og/eller kjøpt camp til pass+camp for å få tilgang til campen, ordnar du det i skranken i frivilligteltet.
- Overnatting: Teltplass, bubilplass, lavvo, kartent må kjøpast i tillegg på [www.malakoff.no](http://www.malakoff.no).

## Generell informasjon:

[www.malakoff.no](http://www.malakoff.no)

### Transport

- Sjekk [www.skyss.no](http://www.skyss.no) for offentlig transport
- På [www.nordfjord.no](http://www.nordfjord.no) finn du ymse reiseinformasjon
- **Ekstra bussruter** heim etter festivalen fredag og laurdag. Bussane går frå Eid Rutebilstasjon kl 01:30 til: Sandane, Førde, Grodås, Stryn, Måløy, Selje/Stadlandet (via Allmenningsfjellet)

### Mat og drikke

På festivalområdet sel Malakoff tradisjonell og deilig rockemat som rockeburger, pommefrites, rockepølser, rockesveler og popcorn. Aske har matstand med sal av m.a. pulled pork-burger og chili sin carne og Los Tacos sel Mexican food. På festivalcampen er Pizzabakeren og Simple & Delicious. Alle matleverandørane har vegetariske eller veganske alternativ. På festivalområdet er det ikkje tillate å ta med inn mat og drikke.

### Aldersgrenser

- Det er inga aldersgrense på festivalområdet
- Barn under 12 år går gratis i følge med ein vaksen
- Festivalområdet har eige barområde med 18 års aldersgrense
- På campen er det 18 års aldersgrense
- Hugs legitimasjon!

## **Kontantlaus festival**

Det er ikkje mogleg å betale med kontantar på festivalområdet og på festivalcampen.

### **! Ikkje tillate på konsertområdet:**

- Medbrakt mat og drikke
- Grill/anna påtenningsutstyr
- Skarpe gjenstandar, t.d. paraply
- Campingutstyr (telt, stolar, luftsofa osv.)
- Hund eller andre husdyr
- Video- eller lydopptaksutstyr
- Speilreflekskamera
- Selfiestang
- Flasker og termosar
- Gjenstandar forbodne etter norsk lov

Vaktene kan nekte publikum å ta med gjenstandar dei vurderer kan vere ein risiko inne på festivalområdet, men dei kan også utvise skjønn om du har spesielle behov.

### **⚠ Ikkje tillate på campområdet:**

- Glasflasker
- Partytelt
- Grill, gassflasker
- Parasoll
- Aggregat
- Møblar
- Kniv, våpen
- Dyr
- Gjenstandar forbodne etter norsk lov

Vaktene kan nekte publikum å ta med gjenstandar dei vurderer kan vere ein risiko inne på campområdet, men dei kan også utvise skjønn om nokon har spesielle behov.

Meir campinfo: [www.malakoff.no/camp](http://www.malakoff.no/camp)



### **Hittegods:**

- **Funne på camp:** Blir levert i skranken i frivilligteltet
- **Funne på konsertområdet:** Blir levert i rockestæsjteltet i opningstida til festivalen eller i skranken i frivilligteltet.
- **Finn du tapt gods,** lever i rockestæsjteltet eller skranken i frivilligteltet.
- **Etter festivalen,** frå måndag 22. juli, kan du kontakte Turistinformatjonen i Kulturhuset Gamlebanken for spørsmål om hittegods. Alle kort/sertifikat vert leverte inn på Stad lensmannskontor på Nordfjordeid måndag 22. juli.



#hartetifestivalen  
#denbestefestivalopplevinga

# Speletider:



Malakoffparken, Nordfjordeid

19–20 juli

# SPELETIDER

Fredag 19. juli

Dørene opnar 15:00

KNEKT	15:30
BJØRN EIDSVÅG	16:20
MOTORPSYCHO	17:30
BRENN.	18:45
ADEN FOYER	20:00
THE WAR ON DRUGS <sup>US</sup>	21:00
PANDAPANDA	22:45
AURORA	23:45

Lørdag 20. juli

Dørene opnar 14:00

ODDNY	14:30
SARAH KLANG <sup>SE</sup>	15:25
EUROBOYS	16:20
VICTORIA NADINE	17:15
ANNA LILLE	18:10
SPAN	19:10
SLOMOSA	20:20
CEZINANDO	21:20
GANGAR	22:30
KAIZERS ORCHESTRA	23:30

**MALAKOFF**24

malakoff.no